

Møtereferat

Dato:31.10.2017

Emne:	Referat frå Regionalt planforum 24.10.2017 – Planprogram for E16/Vossebanen Arna - Stanghelle	
Til stades:	Gunnar Søderholm Idar Reistad Hege Løvteit Kristina Ebbing Wensaas Lars Ottar Sagstad Guri Finne Sognnæs Anne C. F. Eide Kjell Kvingedal Kjell Atle Gullbrå Trond Høyde Odd Tøsdal Eirik Haga Åse Elin Myking Willy-André Gjesdal Gjertrud Karevoll Øyvind Litland Laura Ve Alf Terje Mortensen Marton Ulstein Atle Kvåle Eva Katrine Taule Anne-Kathrine Vabø Sigrid Bjercke Kjetil Bø Omarstrand Hans-Christian Engum Per Nordmark Matti Torgersen Gunhild Raddum Gunnbjørg Austrheim Øystein Monsen Jomar Ragnhildstveit Kari P. Kleppe	Statens vegvesen Statens vegvesen Statens vegvesen Statens vegvesen Statens vegvesen Statens vegvesen Fylkesmannen i Hordaland Fylkesmannen i Hordaland Bane Nor Jernbanedirektoratet Mattilsynet Vaksdal kommune Vaksdal kommune Vaksdal kommune Vaksdal kommune Osterøy kommune Osterøy kommune Osterøy kommune Osterøy Industrilag Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune
Forfall:		Sak: 2014/13624-
Møtetid:	24.10.2017 Kl. 13:00-15:00	Møtestad: Fylkeshuset, Wigandgården

Møteleiar: Eva Katrine Taule
Referent: Kjetil Bø Omarstrand

Eva Katrine Taule, fagleiar kommunale planar i Hordaland fylkeskommune, ønsker velkomen og orienterer om planforum, eit fora for å fremme dialog i planprosessane. Kort presentasjonsrunde.

Presentasjon ved Gunnar Søderholm, Statens vegvesen, prosjektleiar E16 og Vossebanen Arna – Stanghelle

Status:

Silingsrapport som tar føre seg ulike linjealternativa har vore under arbeid i 1 år. Silingsrapporten er ferdig og sendt saman med planprogrammet til Vegdirektoratet for gjennomlesing. Det er søkt om dispensasjon til fråvik frå veg- og tunnelnormalen bl.a. i forhold til ulike kryssløysingar i fjell. Silingsrapporten vil verte offentliggjort når fråvika er formalisert. Prosjektgruppa førebur reguleringsplanfasen og skal bl.a. møte Vaksdal kommune for å samkjøre planarbeidet mot kommunen sin sentrumsplanlegging.

- Mål om ferdig og godkjent reguleringsplanen i løpet av 2019. Forventa byggjstart i 2021.
- Forventa kostnad ca. til å være ca. 21 milliardar kroner

Arna – Vaksdal

- Ny 18,7 km lang jernbanetunnel frå Arna stasjon til Vaksdal. Trengereid stasjon vert nedlagt.
- E16 Arna - midlertidig kryssløysing med viadukt ved Asko. Tilkopling til FV580 i påvente av framtidig kopling med Ringveg aust.

- E16 Arna – Trengereid: planleggast som 4 felts motorveg med 2 tunneltubar.
- Trengereid: søknad om dispensasjon frå veg- og tunnelnormalen for ei halv austvendt kryssløysing som erstattar kryss ved Romslo. Austvendt rampesystem ved Romslo er også vurdert.
- Trengereid – Vaksdal: veg og bane går parallelt. Felles rømmingsveg. E16 reduserast frå firefelts motorveg til tofeltsveg med fartsgrense på 80 km/t ved Trengereid. Strekninga blir likevel regulert som 4-felts veg vidare mot Vaksdal.
- Ca. 95% av strekninga Arna – Vaksdal vil gå i tunnel.

Prosjektleiinga tilrår i slingsrapporten alternativ VC11/JC1, der jernbane og ny E16 går parallelt gjennom Vaksdal sentrum. Det er lagt opp til tett samarbeid med Vaksdal kommune for å avklare bl.a. fotgjengaraksar, lokale vegsamband og støyskjerming. Alternativ VC15/JC2 er ønska frå Vaksdal kommune si side, der ny vegtrase vart lagt øst for sentrum i Tolåsen. Kostnadmessig viser berekningar at alternativ VC15/JC2 er 200-250 mill. dyrare. Konfliktpotensialet for ikkje-prissette tema er også vurdert til å vere noko å vere noko høgare for dette alternativet enn for alternativ VC11-JC1.

Stanghelle:

Det planleggast ny jernbanestasjon sentralt på Stanghelle. Det er utfordrande grunnforhold i området. Ny E16 skal fortsette til Helle med tilkopling til T-kryss i dagsone. Gamle E16 vil truleg omklassifiserast til fylkesveg.

Gang- og sykkelveg:

Bergen – Voss føreslått som nasjonal sykkelrute. Det vidare arbeidet vil sjå nærare på løysingar for gjennomgåande sykkelrute og lokale gang- sykkeltilbod. Tilerettelegging av dagens E16 og gamle Vossebanen vart nemnt som moglege alternativ. Det skal vurderast og gjera eit forprosjekt for å sjå nærare på sykkeltilbodet.

Massedeponi:

Totalt over 11 millionar m³ massar. Mål om at massane skal nyttast til mest mogeleg samfunnsnyttig bruk. Søkjer etter ulike alternativ for bruk. Sidan det er så store mengder vil truleg noko måtte dumpast i fjorden (Sørfjorden/Veafjorden). Djupneforhold, hydrologi, straumar, biologisk mangfald, potensialet for spreining av partiklar m.m. er vorte undersøkt. 4 rapportar er utarbeida tillegg til ein samlar rapport.

- Det er føreslått å nytte noko av massane til utfylling i Grimevatnet, utfylling i Arnavågen, utfylling i sjø ved Stanghelle. Osterøy kommune har også vist interesse for massane.
- Dei minst konfliktfyllende områda for sjødeponi ligg mellom Vaksdal og Stanghelle. Størst konfliktar ved Langhelle og Romslo.
- Mye stein skal inn igjen i anlegget og det vil difor vere behov for midlertidige deponi.
- Potensialet for kommersiell avhending av massane skal vurderast.

Innspelsrunde

HFK

Det hadde vore ein stor fordel om silingsrapporten var lagt ved planprogrammet i forkant av dette møtet.

Vaksdal kommune

Kommunen er tydeleg på at dei arbeidar aktivt for alternativ VC15/JC2 med jernbanestasjon i sentrum og veg lagt til Tolåsen og utanfor Vaksdal sentrum vart vald framføre VC11/JC1.

- Ny E16 gjennom Vaksdal sentrum vil vere arealkrevjande, støykrevjande og ha ein samla negativ påverknad for høve til lokal og regional utvikling.
- Ueinig med verdiane i tabellen over ikkje-prissette tema for dei ulike alternative i silingsrapporten. Veg og bane bør vurderast samla i tabellen over ikkje-prissette tema, da det frå Vaksdal si side ikkje er ønskeleg med E16 gjennom sentrum.
- Støykarta tek ikkje omsyn til utomhusstøy og ekkoeffekten frå kringliggjande fjell.
- Ordførar Eirik Haga er oppteken av at lokalsamfunnets interesser vert ivareteke. Kommunen ønskjer å leggje til rette for små urbaniteter ved stasjonsområda, og la vekt på moglegheita for å leggje til rette for eit miljøvenleg pendletilbod. Eirik Haga trakk også fram det gode samarbeidet Vaksdal kommune har hatt med prosjektleiinga.
- Mangelfull utgreiing av nytt stasjonsområde på Stanghelle. Kommunen har sendt over eige forslag om ny stasjon utover vågen.
- Stanghelle – Voss: føreslår at ein lagar kommunedelplan utan å gå rett på statleg reguleringsplan.

Kommentarar frå prosjektleiinga:

Mye av utgreiingsarbeidet er ikkje fullført på noverande stadium. Det mogleg å gjennomføre KU for begge alternativa: VC11/JC1 og VC15/JC2, men det er KMD som planmynde som avgjer det.

Osterøy kommune

Kommunen har utarbeida ein rapport om alternativ plassering av godsterminal på Osterøy. Osterøy kommune er også tydeleg på at dei ikkje ønskjer sjødeponi, men god utnytting av massane.

- Ønskjer hjelp til å vurdera realiteten i deira forslag om utnytting av massane.
- Ved bruk av sjødeponi føreslår Osterøy kommune at det må vurderast leggjast lokk over massane som deponerast, slik som dei gjer med havbotnen i Byfjorden/Puddefjorden.
- Ber om midlar til gjennomføringa av reguleringsarbeid i forbindelse med massehandtering.
- Ønskja å vite om det er teke omsyn til dumping av masser i sjøen frå lekter

Kommentarar frå prosjektleiinga

Prosjektleiinga er positive til eit samarbeid med Osterøy om massehandtering. Når det gjelder dumping av massar i fjorden går ikkje rapportane særleg inn på metode. Modelleringar har vist at dersom ein dumper massar frå ca. 10 meter under havoverflata får ein mindre spreining av finpartiklar. Det er viktig problemstilling i det vidare arbeidet med mogeleg sjødeponi å finna metodar som gjev minst mogeleg påverknad på det marine miljøet.

Fylkesmannen

- Oppteken av gode løysingar for dagsoner og samfunnsnyttig bruk av massane frå prosjektet.
- Kommunane som inngår i prosjektet bør få innvilga ekstra midlar til planlegging. Kommunane kan søkje om skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.
- Massehandtering må avklarast i forhold til forureiningslova.

Kommentarar får prosjektleiinga

- Ulik praksis når det gjeld tildeling av midlar. Dersom tiltaket det søkast midlar om vil tene prosjektgjennomføringa kan vi gå inn med midlar.
- Kommunane som inngår i prosjektet vart bedt om å komme med søknadar som beskriver konkrete tiltak.

Mattilsynet

Det må takast særskilt omsyn til å unngå spreining av fine støv som legg seg over fisken i oppdrettsanlegg. Mattilsynet minnet også på om at det må takast omsyn til vassforsyning, her også grunnvatn i Tolåsen og fleire vassverk i planområdet.

HFK, ved samferdselsavdelinga

Saknar eit større fokus på kollektiv utanom tog, i omtale av knutepunkter for kollektivtrafikk og innfartsparkering i planprogrammet. Det vart også påpeikt at den nye kryssplasseringa i Arna vil kunne generere mykje trafikk langs Fv. 580.

Det vart stilt spørsmål ved om moglege avbøtande tiltak er vurdert. Samferdselsavdelinga stilte også spørsmål om eventuelle stengingsrutinar i anleggsfasen og konsekvensar for Fv 7.

HFK, ved seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling

Da prosjektet vil ha store konsekvensar for samfunnsutviklinga i kommunane, burde det vore sett av midlar som kan hjelpe kommunane.

Kommentarar frå prosjektleiinga

- Prosjektleiinga er oppteken av å bidra med hjelp til planrelaterte problemstillingar.
- Høgt kostnadsfokus – pressa til å setje tydelege grenser.
- Bedt om å komme med kostnadsreducerande tiltak i KVVU.

HFK, ved klima- og naturressursseksjonen

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune er med i prosjektet *Kortreist stein* som har målsetting sikre mest mogleg høgverdig og berekraftig bruk av lokale bergmasser frå infrastrukturprosjekt.

- Godt strukturert planprogram

- Saknar ein betre kartlegging av bergkvaliteten. Mellom Arna – Trengereid er truleg bergmassane eigna til fleirbruksføremål. Unødvendig å dumpe desse massane i fjorden.
- HFK og kommunane må setje av areal til råstoffutvinning – Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.
- Erfaringar frå Follotunellen: utfordrande å bruka fjerna massar til sprutbetong.

HFK, ved planseksjonen

- Regionale og lokale verknader burde vore meir utgreia og mål frå regionale planar burde vore synleggjort.
- Planprogrammet burde omtalt handteringa av målkonflikten mellom ny E16 og regionforstørring.
- Temaet *nærmiljø og friluftsliv* burde vore splitta opp då ny veg uansett vil skape konflikter for sentrum eller friluftsområder.
- Bergen kommune er langt på veg med områderegulering for Arna – viktig å prioritere knutepunkta slik at vi får folk over på tog. Bergen kommune skal ikkje ha fleire biler inn i sentrum.
- Viktig at lufta frå tunnelane som ventilerast ut ikkje skapar dårleg luftkvalitet for innbyggjarane.
- Moglegheitsstudie på massehandtering i bergensområdet er eit tiltak i handlingsprogrammet til Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017 – 2028.

Kommentarar frå prosjektleiinga

- Krysset planlagt ved Asko i Arna er i tråd med sentrumsutviklinga, men det er moglege konflikter med KPA.
- Handbok V712 – i forslag til revidert utgåve av V712 er det ikkje vurdert å skilje temane, men temaet vil heite «Friluftsliv/bygdeliv», noko som betre vil fange opp temaet enn «Mærmiljø».

HFK, ved planseksjonen, Anne-Kathrine Vabø

Det er ønskeleg at planprogrammet har eit tydelegare fokus på stad- og lokalsamfunnsutvikling, her er nokre konkrete forslag til dette:

Andre viktige samfunns mål s. 3:

- *Lokal -og regional utvikling. Avklare i kva grad tiltaket kan ha påverknad på lokal og regional utvikling.*
⇒ Det bør heller vere eit mål å bidra til lokal og regional utvikling.
- *God arkitektur og landskapstilpassing*
⇒ Inkludere stadtilpassing

Pkt 4.7:

Saknar at omtale av alternativ plassering av stasjon i høve til ønske frå kommunen.

Pkt 5.3 Ikkje prissette konsekvensar

Tema landskapskarakter omfattar alle omgjevnader, også tette bylandskap. Saknar at bylandskap vert framheva under «Fokus for utgreiinga», «Metode» og «Eksisterande materiale.»

I eit prosjekt som dette som vil ha store konsekvensar for lokalsamfunn og stadutvikling er det ikkje tenleg å vurdere «Tema nærmiljø og friluftsliv» saman. Vi rår til at dette vert skilja.

Andre innspel

Pkt 2.3:

Regional transportplan for Hordaland og Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er begge vedtatt i 2017.

Pkt 4.4-4.7:

Det bør gjerast tydelegare at dette omhandlar val frå silingsrapporten. Saknar kart som viser alternativa som vert omtala.

HFK, ved fylkeskonservatoren

Kulturarv er eit av dei tema i planprogrammet som skal konsekvensutgreiast. Temaet omfattar følgjande deltemaer: Kulturminne, kulturmiljø og kulturhistorisk landskap inklusive bylandskapet.

Vi gjer merksam på at det innafor planområdet er manglande dokumentasjon og registrering av kulturminne i tilgjengelege registre/kjelder. Det er difor stor trong for nye registreringar av ikkje-registrerte automatisk freda

kulturminne og verneverdige kulturminne frå nyare tid. Når det gjeld nyare tids kulturminne er det viktig at ikkje berre kjende bygningar/bygningsmiljø som vert omtalt i KU, men også andre synlege kulturlandskapselement. Kulturlandskap er eit område det er viktig å setje fokus på, anten som del av tema om landskapsbilete og opplevingsverdi, eller som ein del av tema om kulturminne og kulturmiljø.

Når det gjeld Vaksdal kommune er det er stor trong for ein kulturhistorisk analyse som ser dei tre stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale i samanheng.

Undersøkingssplikta, jf. § 9 i kulturminnelova , må avklarast på tidlegast mogleg tidspunkt, slik at konsekvensane av dei ulike alternativa vert identifisert.

Hordaland fylkeskommune vil sterkt rå ifrå traseval som kjem i konflikt med freda kulturminne og viktige kulturmiljø.

Vi vil vise til det gode arbeidet som er utført i samband med planprogram og Ku for E39 Stord- Os med interaktivt kart med miljøtema: landskapsverdiar, naturmangfald, kulturmiljø, nærmiljø og friluftsområde og naturresursar, at ein ser til dette.

Andre innspel

Pkt 2.3:

Vi ber om at *Premiss: Kultur – Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025* vart teken med som referansegrunnlag i det vidare planarbeidet.